



## Møtereferat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	2-2021
Dato:	23.03.21
Tidspunkt:	09.00-11.30
Stad:	Teams
Type handsaming:	Styremøte

### Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)  
Ivar Kvalen  
Petter Sortland  
Birgit Lervik  
Geir Ove Bøthun  
Marianne Ovrid  
Revisor Anne Britt Hjelmester på sak V 03

### Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik, Geir Øygard

### Forfall

Anne Kauppi, Arnstein Menes

### Godkjenningssaker:

- G 03/21**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
*Innkalling og sakliste vart godkjent*
- G 04/21**      **Godkjenning av referat frå styremøtet 16.02.21**  
*Referat frå styremøtet 16.02.21 vart godkjent og signert.*

### Orienteringssaker

- O 04/21**      **Driftsorientering**  
Administrasjon orienterte om drift og pågåande saker.  
  
Samrøystes vedtak:  
*Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker*
- O 05/21**      **Rekneskap pr februar 2021**  
Rekneskapsrapport pr. 28.02.2021 viser omsetning og driftsresultat over budsjett.  
  
Samrøystes vedtak:  
*Styret tek rekneskapsrapporten pr februar til vitande*



**simas**

For eit reint og miljøvenleg Sogn

**O 06/21 Orientering om SIRKLA Ressurs AS**

SIRKLA Ressurs AS er påverka av pandemien, men aktiviteten har betra seg noko siste tida. Det er likevel ein krevjande konkurransesituasjon for selskapet. Dagleg leiar er langtidssjukt og det er gjort interne endringar for å handtere situasjonen.

Samrøystes vedtak:

*Styret tek informasjonen om SIRKLA Ressurs AS til vitande*

**Drøftingssaker**

**D 07/21 Vurdering av endring av selskapsform frå IKS til AS**

Saka vart utsett til neste styremøte.

**D 08/21 Strategiplan for SIMAS IKS**

Styret avlyste fagdagen for representantskapet 22.03.21 på grunn av pandemien. Det var ikkje stor påmelding frå representantskapet, og ein vurderer det som lite målretta å gjennomføre ny fagdag. Det er likevel viktig med ein målretta strategiprosess for å få ein tydeleg og godt forankra strategiplan for korleis eigarane ønskjer at SIMAS skal utviklast. Styreleiar og direktør inviterer seg til deltaking i formannskap/kommunestyre. Det er aktuelt med møter i Festingdalen også.

Konklusjon/vidare arbeid

1. *Styret gjev administrasjon i oppgåve å lage utkast til måldokument til nytt arbeidsmøte for styret den 16.04.21.*
2. *Opplegg og plan for møte med eigarkommunane vert presentert på representantskapsmøte 23.04.21.*
3. *Ny strategiplan skal presenterast på representantskapsmøtet 22.10.21.*

**Vedtaksaker**

**V 02/21 Revidert investeringsbudsjett 2021**

Overføring av prosjekt frå 2020 til 2021 medføre auke i investeringsbudsjettet med 3,1 mill kr. I samband med auke i kostnader til bygging av lagerhall er det naudsynt å forskyve/utsette andre prosjekt. Ein har difor valt å utsette prosjektet med oppretting av sving/veg inne på området. Denne er pr no ikkje inne i revidert investeringsbudsjett 2021-2024.

Etter tilsynet frå Statsforvaltaren/Sogn Brann og Redning må selskapet vurdere å framskynde prosjektet «brannvatn» - dette er i satt opp i budsjett for 2022 med 2,0 mill kr. Det blir krevjande å gjennomføre dette i 2021, men arbeidet må starte opp. Dette medfører at samla budsjett vert kr 39,4 mill kr.

Den totale investeringsramma i perioden var på 68 mill kr. Endringane i investerings-budsjettet i år 2021 endrar ikkje totalramma. Dei samla avskrivningane i perioden vert i liten grad påverka av endringane.

Vedtak (samrøystes)



Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;

1. Revidert investeringsbudsjett for 2021 vert vedteken
2. Investeringsplan for perioden 2021-2024 vert vedteken

**V 03/21 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmelding 2021**

Rapport frå revisjon av selskapet vart gjennomgått av revisor Anne Britt Hjelmeseter. Revisjonsmelding er utan merknader. Observasjonar og anbefalingar vart gjennomgått.

Årsrekneskap og årsmelding for år 2020 er utarbeida. Resultatet i 2020 viser eit overskot på over 6 millionar kroner på hushaldningsrenovasjon. Ein bør i presentasjon til representantskapet informere tydeleg om gebyrutviklinga i selskapet, samt forventning om framtidig gebyrutvikling. Selskapet har no lågast gebyr på standard abonnement i Sogn og Fjordane. Rekneskapen skal sendast til representantskapet i veke 13.

**Vedtak (samrøystes)**

1. Styret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga
2. Styret i SIMAS IKS rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak
  - Årsrekneskapen for år 2020 vert godkjent
  - Disponering av overskot på kr 6,1 millionar vert 6,2 millionar overført til hushaldningsrenovasjon, 0,5 millionar kroner overført frå fond for slamrenovasjon og 0,4 millionar er redusert eigenkapital
  - Årsmeldinga for år 2020 frå styret i SIMAS IKS vert godkjent

**V 04/21 Revisjon av SIMAS IKS – innstilling til representantskapet**

SIMAS gjennomførte anbuds konkurransen på revisjonstenestene i 2018. Avtaleperioden var to år, med einsidig opsjon på 1+1 år. Representantskapet skal velje revisor på representantskapsmøtet 23.04.21 for år 2021.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;

1. Deloitte vert valt til revisor for år 2021
2. Styret gjennomfører anbuds konkurransen på revisortenestene før neste årsmøte for val av revisor for år 2022

**V 05/21 Innkalling til møte i representantskapet/årsmøte i SIMAS IKS**

Utkast til innkalling var sendt ut før møtet

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente innkalling til møte i representantskapet

## Oppfølgingssaker

Oppfølgingsplan Handlingsplan 2021: Status vert sendt ut etter påske



**simas**


For eit reint og miljøvenleg Sogn

Oppfølging mottak av slag: Leverandør av slag har munnleg meldt tilbake at dei godtek å drøfte ansvarsforhold m.v i løpet av kort tid. På grunn av pandemien er mai-månad realistisk tidspunkt for eit slikt møte.

## Eventuelt

Direktør fyller 62 år neste år, og ønskjer å trekke seg frå stillinga som dagleg leiar. Arbeidet med å finne ny dagleg leiar vert drøfta i neste styremøte

Sogndal 23.03.2021

  
Jøril Hovland  
styreleiar

Ivar Kvalen  
nestleiar



Petter Sortland  
styremedlem



Marianne Ovrid  
styremedlem

Anne Kauppi  
styremedlem



Geir Ove Bøthun  
styremedlem

Birgit Lervik  
styremedlem